



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Ingunn Landro Sandset, 5557 2273

Vår dato
22.06.2016
Dykkar dato
06.06.2016

Vår referanse
2016/3785 632.3
Dykkar referanse

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Tildelingsbrev - Radøy kommune - Midlar til symjeopplæring for minoritetsspråklege elevar – prosjektnummer 62069

Fylkesmannen overfører **kr 13 050,-** til symjeopplæring for minoritetsspråklege grunnskuleelevar til Radøy kommune, organisasjonsnummer 954 748 634, kontonummer 3636 07 00776.

Grunngjeving for tildelinga

På vegne av Utdanningsdirektoratet tildeler Fylkesmannen kr 833 000 til symjeopplæring til nykomne minoritetsspråklege elevar i Hordaland. Tilskotsordninga er lyst ut på Fylkesmannen si nettside og i brev til kommunane. Det er kome 16 søknader for i alt 792 elevar. Elevar under 18 år er prioriterte ved tildeling på grunn av stor søknadsmengde.

Radøykommune søkte om midlar til 14 elevar under 18 år. Søknaden stettar vilkåra som er sett til å ta imot midlar frå tilskotsordninga.

- Det er godtgjort at organiseringa medverkar til at deltakarane får tilstrekkeleg symjeopplæring til å nå måla for ordninga.
- Ein føreset at jenter og gutar får eit likeverdig tilbod.

Rapportering

Kommunen skal rapportere til Fylkesmannen på kor mange som har gjennomført symjeopplæring, og kor mange timar symjeopplæring som er gitt. Frist for rapportering er **15. desember 2016**.

Fylkesmannen kan føre kontroll

Vi gjer merksam på at Statens bevillingsreglement § 10 gjev Fylkesmannen i Hordaland rett til å føre kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadene. Heile tilskotet eller delar av dette kan krevjast attende dersom pengane ikkje vert nytta i samsvar med gjeldande skriv. Riksrevisjonen har høve til å føre kontroll med at midlane vert nytta etter føresetnadene.

Med helsing

Anne Hjermann
utdanningsdirektør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Ingunn Landro Sandset
seniorrådgjevar